

STYRESAK

GÅR TIL: Styremedlemmer

FØRETAK: Helse Bergen HF

DATO: 13.06.2018

SAKSHANDSAMAR: Lasse Hatletvedt

SAKA GJELD: **Halvårleg rapportering på krav i styringsdokumentet**

STYRESAK: **71/18 0**

STYREMØTE: **20.06.18**

FORSLAG TIL VEDTAK

Styret i Helse Bergen tek halvårleg rapportering til Helse Vest RHF på utvalde mål i styringsdokumentet 2018 til orientering

Fakta

Helse Bergen HF fekk i byrjinga av mars 2018 styringsdokumentet for 2018 frå Helse Vest RHF. Gjennom styringsdokumentet vil Helse Vest RHF gje helseføretaka ein mest mogleg heilskapleg og samla styringsbodskap for 2018. Styringsdokumentet skal klargjere dei premissane og rammene som gjeld for verksemda, og inneheld mål og dei resultatkrava som blir stilte til helseføretaka.

I tillegg til rapportering gjennom årleg melding ved slutten av året, er føretaka bedne om å rapportere til Helse Vest på mal «Matrise for halvårleg rapportering til Helse Vest RHF på utvalde mål i styringsdokumentet» innan 15. juni 2018.

Dei ulike avdelingane i Helse Bergen har fått tildelt rapporteringspunkt frå styringsdokumentet som ei bestilling frå administrerande direktør. Innhaldet i halvårleg rapportering til Helse Vest bygger på tilbakemeldingar frå desse avdelingane.

Helse Vest bruker opplysningane i si rapportering til styret i Helse Vest RHF.

Konklusjon

Helse Bergen er godt i gang med arbeidet knytt til måla i halvårleg melding.